



Formannskapet bør snarast drøfte Kvinneherad Næringservice og tiltaks- og næringsarbeidet i kommunen, meiner Torfinn Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det hastar no å drøfta tiltaksarbeid og næringsutvikling i kommunen, i samband med situasjonen i Kvinneherad Næringservice. Det held gruppeleiar i Høgre Torfinn Myklebust frå Uskedalen fram. I slutten av månaden skal styret for organisasjonen velja mellom flytting til Uskedalen og fortsatt tilhald på Husnes.

I september informerte styreleiar Geuta Lund og dagleg leiar Knut Førland formannskapet om situasjonen og det var semje om å setta temaet på dagsorden på eit av dei første møta. Det har ikkje skjedd. No er det viktig at drøftinga skjer i samband med budsjettarbeidet der mellom anna tilskot til Kvinneherad Næringservice skal drøftast og kanskje også står i fåre for å bli redusert, skriv Myklebust i eit brev der han bed ordførar og rådmann om å få saka til drøfting snarast råd.

Myklebust peikar på den økonomiske stoda.

Næringservice overlever på medlemspengar, tilskot frå kommunen og betaling for noko av det utførte arbeidet. Likevel er det i minste laget for å halda oppe ei best mogeleg drift.

Kvinnherad Næringservice fortener ein drøfting med tanke på den vidare planlegging av drifta, held Myklebust fram.

Han meiner at ein bør diskutera ei samkjøring mellom kommunen og Kvinnherad Næringservice.

Av Ola Matti Mathisen